



Maritim  
pensjonskasse

# Pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs

Med informasjon om inntektsbasert  
ordning frå 1. januar 2020





# INNLEIING

Maritim pensjonskasse (MPK) er ei obligatorisk tenestepensjonsordning som blei etablert ved lov 3. desember 1948. Lova har vore endra ei rekkje gonger, i stor grad for å tilpasse ho til endringar i folketrygda sitt pensjonssystem.

**E**tter ei endring i lova med verknad frå 1. januar 2020 er ordninga no todelt mellom ei fartstidsbasert og ei inntektsbasert ordning. Dei medlemmane som var 50 år eller eldre 1. januar 2020, høyrer til fartstidsbasert ordning. For desse blir det ingen endringar verken i opptening eller utbetaling av pensjon.

Nye medlemmar uansett alder og eksisterande medlemmar under 50 år 1. januar 2020 vil få opptening i inntektsbasert ordning. I denne ordninga opparbeider medlemmane ei pensjonsbeholdning. Verdien av fartstid opptent før 1. januar 2020 blir overført til pensjonsbeholdninga når medlemmen fyller 62 år, og betalast ut etter reglane i inntektsbasert ordning.

Uansett kva ordning du høyrer til, kan du bruke medlemsportalen, som du finn på heimesida

[www.mpk.no](http://www.mpk.no), til å få oversikt over fartstidsmånader eller pensjonsbeholdning. Du kan også berekne framtidig pensjonsutbetaling og søkje om pensjon elektronisk.

Dette heftet skal gi deg kortfatta informasjon om rettane dine i Maritim pensjonskasse. Første delen skildrar inntektsbasert ordning, som gjeld nye medlemmar uansett alder og eksisterande medlemmar under 50 år 1. januar 2020. Andre del skildrar fartstidsbasert ordning og gjeld medlemmar som var 50 år eller eldre 1. januar 2020. På baksida finst ei punktliste over dei viktigaste endringane som følgje av lovendringa. Ver venleg og ta kontakt med oss dersom det er noko som er uklart eller ikkje kjem godt nok fram i dette heftet.

*Oslo, desember 2022*

## MEDLEMSPORTALEN

Maritim pensjonskasse har ei sjølvbeteningsløyising for komande og noverande pensjonistar. Ved å gå inn på heimesida [www.mpk.no](http://www.mpk.no) og logge inn i medlemsportalen kan du med tre enkle skritt søkje om pensjon. I mange tilfelle kjem svaret innan 1 minutt.

Medlemsportalen kan også gi deg oversikt over den opptente fartstida di ifølgje fartstidsbasert ordning eller pensjonsoppteninga di ifølgje

inntektsbasert ordning, og du kan rekne ut kor mykje du får i pensjon før du søkjer.

I medlemsportalen finst det ein meldingsinnboks der du vil ta imot vedtak, pensjonsslippar, melding om årleg pensjonsregulering og annan informasjon som er relevant for pensjonen din. Varsel om at det finst nye meldingar i meldingsinnboksen blir sendt til e-postadressa di. Du kan også sende meldingar til MPK frå meldingsboksen.



# INNETKTSBASERT ORDNING

*Er du nytt medlem av MPK eller eksisterende medlem under 50 år 1. januar 2020, blir du omfatta av dette regelverket.*

Nye medlemmar, uansett alder, og eksisterande medlemmar som er yngre enn 50 år 1. januar 2020, får all opptening frå og med dette tidspunktet i samsvar med reglane i inntektsbasert ordning. Dei som var yngre enn 50 år på tidspunktet da lova tredde i kraft, får tidlegare opptente rettar etter fartstidsbasert ordning konvertert til ei pensjonsbeholdning ved fylte 62 år, som kan takast ut fleksibelt frå ønskt tidspunkt, tidlegast ved fylte 62 år.

## PENSJONSALDER

I inntektsbasert ordning er det fleksibelt valg av pensjonsuttak. Tidligste oppstartstidspunkt er satt til 62 år, og senest mulige uttak er ved 70 år.

## UTBETALINGSPERIODE

Du skal sjølv velje kor lenge du ønskjer å få utbetalinga, men minste periode er 7 år og lengste er til medlemmen blir 80 år. Lengst mogleg utbetalingsperiode blir dermed 18 år (frå 62 til 80 år).

## MINSTEKRAV FOR RETT TIL PENSJON

Det krevst minimum 3 år med opptening for rett til pensjon.

## PENSJONSUTBETALING

Inntektsbasert ordning inneber ei årleg opptening til ei pensjonsbeholdning med ein oppteningssats av løn.

Det blir gitt pensjonsopptening av inntekt opptil 12 gonger grunnbeløpet i folketrygda med ein oppteningssats på 6,3 prosent. Storleiken på årleg pensjonsutbetaling avheng av kor stor pensjonsbeholdninga di er ved uttak, og kor lang periode du ønskjer å ta imot pensjonen. Den nye ordninga inneber også at du kan kombinere pensjon med arbeid utan at pensjonen

din blir redusert, og at vidare arbeid til sjøs gir opptening fram til 70 år.

## PENSJON OG INNTEKT

Ved sida av pensjonen du tar imot frå Maritim pensjonskasse, kan du tene så mykje du sjølv ønskjer.

## OPPHØYR AV RETTEN TIL PENSJONSBEHALDNING

Retten til pensjonsbeholdning blir avslutta når arbeidstakaren døyr.

## TILPASSING TIL FOLKETRYGDA

No kan du få pensjon folketrygda frå du er 62 år. Vel du å ta ut pensjon frå folketrygda før 67 år, påverkar ikkje dette sjømannspensjonen din.

Men du kan ikkje ha pensjon samtidig som du tar imot arbeidsavklaringspengar eller 100 prosent uføretrygd. Da vil det heller ikkje bli utbetalingar etter fylte 67.

Dersom du har delvis uføretrygd eller arbeidsavklaringspengar, vil utbetalinga frå oss bli utbetalt i motsvarande grad. Da vil det også kunne vere ein rest av pensjonsbeholdninga som blir betalt ut etter 67 år. Pensjonen kan bli kombinert med 100 prosent privat eller offentleg avtalefesta pensjon (AFP) frå 62 år.

### INNBETALING AV PREMIE

Som medlem pliktar du å betale premie til oss. Som i fartstidsbasert ordning skal arbeidsgivarar betale inn ei premieavgift som svarar til 3,3 prosent av all løn. I inntektsbasert ordning skal arbeidstakar betale inn 1,7 prosent av inntekta. Reiarlaget er ansvarleg for at riktig arbeidstakarpremie blir trekt av hyra og betalt inn til oss.

### OVERGANGSREGLAR I NY ORDNING

Ved innføring av inntektsbasert ordning vil medlemmar som er 50 år eller eldre fortsetje i fartstidsbasert ordning. Inntektsbasert ordning vil berre gjelde dei som er under 50 år ved innføringa av ny lov, eller som begynner tenesta si til sjøs etter at den inntektsbaserte ordninga trer i kraft.

### KONVERTERING

Pensjonsgivande fartsmånader opptent i fartstidsbasert ordning blir gjort om til ei pensjonsbeholdning når medlemmen fyller 62 år, og blir betalt ut etter reglane i inntektsbasert ordning.

### OMFANGSREGLAR

Omfangsreglane er identiske i inntektsbasert og fartstidsbasert ordning.

#### **Personar som er medlemmar av Maritim pensjonskasse:**

- Statsborgarar frå alle EU/EØS-land.
- Personar som er busett i eit nordisk land.

#### **Og som er arbeidstakarar om bord på norskregistrerte skip (NOR/NIS) på minst 100 bruttotonn.**

- Personar som arbeider på utanlandskregistrert skip, dersom dei er medlemmar i folketrygda som busett i Noreg.

Desse reglane gjeld for personar nemnd ovanfor på alle skip, fiske- og fangstfartøy, borefartøy og alle andre flyttbare innretningar i sjøen som har eige framkomstmiddel eller utstyr for boring etter undersjøiske naturførekomstar.

Skip under 100 bruttotonn skal også vere med i ordninga dersom reiarlaget også disponerer andre norske skip på minst 100 bruttotonn. Redningsskøyter som høyrer til Redningsselskapet, er også med i ordninga.

Skip som tilhøyrer Forsvaret og skip som vesentleg går i fart på innsjøar og elver, skal ikkje reknast med i pensjonstrygda.

### **Personar som er unntatt frå medlemskap i pensjonsordninga:**

- Arbeidstakarar som på grunn av stillinga om bord er medlemmar av Statens Pensjonskasse, kommunal eller fylkeskommunal pensjonskasse
- Tilsette i hotell- og restaurantverksemd på NIS-registrerte turistskip (frå 1.1.1994)
- Fiskarar (medlemmar i Garantikassa for fiskarar)
- Statsborgarar frå andre EU/EØS-land som blir omfatta av det andre landet si trygdelovgivning.

Omfangsreglane er ikkje utfyllande beskrivne her. Ver venleg og ta kontakt dersom du har spørsmål.



# FARTSTIDSBASERT ORDNING

*Er du eksisterande medlem på 50 år eller eldre 1. januar 2020, blir du omfatta av dette regelverket.*

Medlemmar som er 50 år eller eldre når den inntektsbaserte ordninga trer i kraft 1. januar 2020, vil følgje tidlegare regelverk både når det gjeld opptening, utbetaling av pensjon og uttaksalder. Desse får inga opptening etter reglane i inntektsbasert ordning.

## PENSJONSALDER

Pensjonsalderen er som hovudregel 60 år. Føresetnaden for å kunne ta imot pensjon frå denne alderen er at du har tent opp minst 120 fartsmånader etter fylte 40 år.

## UTSKOTEN PENSJONSALDER

Dersom du ikkje fyller krava ovanfor, er pensjonsalderen din mellom 60 og 65 år. Kor mange

fartsmånader du har etter fylte 40 år, avgjer kva som blir pensjonsalderen din. Pensjonsalderen aukar med ein månad for kvar annan månad du manglar på 120 fartsmånader etter fylte 40 år.

Eksempel:

<b>Fartstid etter 40 år</b>	<b>Pensjonsalder</b>
120 månader	60 år
80 månader	61 år, 8 mnd.
40 månader	63 år, 4 mnd.
0 månader	65 år

## MINSTEKRAV FOR RETT TIL PENSJON

Det krevst minst 150 fartsmånader for å ha rett til pensjon. Manglar du tilstrekkeleg fartstid for å nå minstekravet, kan vi rekne med eventuell fartstid frå teneste på andre EU/EØS-lands skip, på fiskebåtar og på staten sine skip. Etter spesielle reglar kan også verneplikt reknast med. Men slik tenestetid tel ikkje med ved utrekninga av pensjonen.

## PENSJONSUTBETALING

Den årlege pensjonsutbetalinga di reknast ut ved å multiplisere talet på fartsmånader med dei pensjonssatsane som gjeld på dette tidspunktet. Maksimal teljande fartstid er 360 månader. Det er ulike satsar for fartstid opptent som overordna og underordna. Det blir gitt pensjon for maksimalt 360 fartsmånader, og av dei som gir best pensjon.

## PENSJONSTILLEGG

Har du opptent fartstid tre av dei fem siste åra før uttak av pensjon, kan du ha rett på eit tillegg i pensjonen. For å få tillegget må arbeidsinntekta ved sida av pensjonen vere under to gonger grunnbeløpet i folketrygda.

Inntektsgrensa for pensjonstillegget følgjer kalenderåret. Dersom du overskrider inntektsgrensa, har du ikkje krav på tillegget for det aktuelle året. Inntektsgrensa blir redusert etter kor mange månader du tar ut pensjon.

### Tillegget utgjør:

11 prosent for personar fødd i 1952—1954,  
8 prosent for personar fødd i 1955—1959,  
5 prosent for personar fødd i 1960—1964.

Pensjonstillegget frå Maritim pensjonskasse er på veg til å bli fasa ut i takt med ombygginga av tilleggspensjonar i private ordningar. Medlemmar fødd etter 1964 får ikkje tillegg.

### PENSJON OG INNTEKT

Ved sida av pensjonen du tar imot frå Maritim pensjonskasse, kan du tene så mykje du sjølv ønskjer. Men det finst nokre atterhald:

- I perioden 60 til 62 år kan du ikkje jobbe i stillingar som gir deg fartstid i Maritim pensjonskasse, eller på tilsvarande båtar i andre land. Unntaket er som vikar (sjå vikarreglane).
- Tener du over to gonger grunnbeløpet i folke-trygda, mistar du pensjonstillegget.

### VIKARREGLANE

Vikarreglane gir deg høve til å jobbe avgrensa i stillingar som gir deg fartstid i perioden 60 til 62 år. Du kan jobbe som vikar i 3 månader innanfor ein 12 månaders periode. Vikartida omfattar både arbeidstid og lønna fritid. For å kunne bruke vikarreglane må du ha minst ein månads opphald etter at tenestetida di er avslutta.

Ein 12 månaders periode blir rekna frå pensjoneringsdato og 12 månader fram i tid.

## PENSJON FØR 60 ÅR

Dersom alder og fartstid utgjør 80 år eller meir, du har slutta i sjøtenesta og dei andre føresetnadene for å få pensjon er oppfylt, kan du søkje om pensjon inntil fem år før fylte 60 år. Pensjonen vil da bli redusert med 0,7 prosent for kvar måned du ønskjer å ta ut pensjon før 60 år. Dersom du tar ut pensjon ved 58 år, blir pensjonen slik redusert med 16,8 prosent. Reduksjonen vil du ha så lenge du tar imot pensjon frå oss. Tar du ut pensjon før du blir 60 år, vil du ikkje kunne få pensjonstillegg, og du kan ikkje ha sjøteneste på skip som er med i trygda.

## TILBAKEBETALING AV PREMIE

Dersom du ikkje har rett til pensjon fordi du ikkje har nådd 150 fartsmånader, kan du ha krav på tilbakebetaling av innbetalt premie. Dette er ei eingongsutbetaling som blir betalt ut når du oppnår pensjonsalderen.

## Vilkåra for tilbakebetaling av arbeidstakarpremie:

- Du må ha slutta i arbeidet som gir deg fartstid i Maritim pensjonskasse.
- Du må ha betalt inn premie for minimum 36 og maksimum 149 fartsmånader.
- Du må ha nådd pensjonsalder (same reglar som ved pensjon).
- Du kan ikkje ta imot arbeidsavklaringspengar, full uførepensjon frå folketrygda eller full offentleg AFP.
- Retten til å krevje tilbakebetaling av premie fell bort frå og med månaden etter fylte 67 år. Det vil seie at søknaden din må vere komen inn seinast innan utgangen av den månaden du fyller 67 år.

I medlemsportalen kan du berekna kor stor utbetalinga vil bli.

## OPPHØYR AV PENSJON

Pensjonen blir avslutta ved fylte 67 år eller frå det tidspunktet du tar imot arbeidsavklaringspengar, 100 prosent uføretrygd eller 100 prosent offentleg avtalefesta pensjon (AFP).

## TILPASSING TIL FOLKETRYGDA

No kan du få pensjon i folketrygda frå du er 62 år. Vel du å ta ut pensjon frå folketrygda før 67 år, påverkar ikkje dette pensjonen din.

Men du kan ikkje ha pensjon saman med arbeidsavklaringspengar eller 100 prosent uføretrygd. Du kan heller ikkje ha pensjon samtidig som du tar imot 100 prosent offentleg avtalefesta pensjon (AFP) før du fyller 65 år.

Dersom du har delvis uføretrygd eller offentleg AFP, vil utbetalinga frå oss betalast ut i motsvarande grad. Pensjonen blir ikkje redusert ved uttak av privat AFP, men ver merksam på at sjømannspensjonen kan påverke retten din til privat AFP. Ver venleg og ta kontakt med ordninga som administrerer AFP-en din dersom du er usikker.

## INNBETALING AV PREMIE

Som medlem er du forplikta til å betale premie til oss. Storleiken på premien avheng av om du er registrert som over- eller underordna, og om du jobbar meir enn 15 dagar per månad. Premien blir regulert opp kvart år på lik linje med reguleringa av grunnbeløpet i folketrygda. Det blir betalt inn premie både frå arbeidsgivar og arbeidstakar.

Arbeidsgivarpremien utgjer 3,3 prosent av bruttoinntekta til arbeidstakaren. Reiarlaget er ansvarleg for at riktig arbeidstakarpremie blir trekt i hyra og betalt inn til oss.

## OMFANGSREGLAR

### **Personar som er medlemmar av Maritim pensjonskasse:**

- *Statsborgarar frå alle EU/EØS-land*
- *Personar som er busett i eit nordisk land*

**Og som er arbeidstakarar om bord på norsk-registrerte skip (NOR/NIS) på minst 100 bruttotonn.**

- *Personar som arbeider på utanlandskregistrert skip, dersom dei er medlemmar i folketrygda som busett i Noreg*

Desse reglane gjeld for nemnde personar på alle skip, fiske- og fangstfartøy, borefartøy og alle andre flyttbare innretningar i sjøen som har eige framdriftsmiddel eller utstyr for boring etter undersjøiske naturførekomstar.

Skip under 100 bruttotonn skal også vere med i ordninga dersom reiarlaget også disponerer andre norske skip på minst 100 bruttotonn. Redningsskøyter som tilhøyrer Redningsselskapet, er også med i ordninga.

Skip som tilhøyrer Forsvaret og skip som vesentleg går i fart på innsjøar og elver, skal ikkje reknast med i pensjonstrygda.

**Personar som er unntatt frå medlemskap i pensjonsordninga:**

- Arbeidstakarar som på grunn av stillinga om bord er medlemmar av Statens pensjonskasse, kommunal eller fylkeskommunal pensjonskasse
- Tilsette i hotell- og restaurantverksemd på NIS-registrerte turistskip (frå 1.1.1994)
- Fiskarar (medlemmar i Garantikassa for fiskarar)
- Statsborgarar frå andre EU/EØS-land som blir omfatta av trygdelovgivinga i det andre landet

Omfangsreglane er ikkje utfyllande beskrivne her. Ver venleg og ta kontakt dersom du har spørsmål.

## KONTAKT OSS

Dersom du har spørsmål eller kommentarer, kontakt oss gjerne via kontaktskjemaet på [www.mpk.no](http://www.mpk.no), på chat, via meldingsboksen i medlemsportalen eller ring oss på 22 35 89 00.

### **Postadresse:**

Maritim pensjonskasse  
Postboks 516 Sentrum  
0105 Oslo

### **Kontoradresse:**

Nedre Vollgate 11, Oslo



## DEI VIKTIGASTE FORSKJELLANE MELLOM INNTEKTSBASERT OG FARTSTIDSBASERT ORDNING:

- Inntektsbasert ordning gir pensjonsrett ved 3 års opptening, mot 12,5 års opptening i fartstidsbasert ordning.
- Inntektsbasert ordning har fleksibelt uttak mellom 62 og 70 år, mens i fartstidsbasert ordning er uttaket ein stad mellom 60 og 65 år, avhengig av kor mange fartsmånader som er opptent etter 40 år.
- Inntektsbasert ordning er utbetalings-perioden minimum 7 år og maksimum 18 år (til fylte 80 år), mens utbetalingsperioden i fartstidsbasert ordning ordinært er mellom 60—65 år og 67 år.
- Inntektsbasert ordning gir høve til pensjonsgivande opptening ved sida av pensjonsuttak fram til 70 år, medan pensjonsgivande opptening stansar ved uttaktstidspunktet i fartstidsbasert ordning.
- Ytingsnivået blir påverka av lønnsnivå i inntektsbasert ordning, mens det er gruppetilhøyrsløst (overordna eller underordna) som avgjer ytingsnivået i fartstidsbasert ordning.
- Pensjonstillegg og barnetillegg fell bort i inntektsbasert ordning.

